

KOMMISJONSVEDTAK

2015/EØS/10/13

av 13. august 2008

**om endring av vedtak 2007/683/EF om godkjenning av planen for utrydding av klassisk svinepest
hjá viltlevande svin i visse område av Ungarn***[meldt under nummeret K(2008) 4321]***(Berre den ungarske teksta er gyldig)**

(2008/674/EF)(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 2001/89/EF av 23. oktober 2001
om fellesskapstiltak for bekjempelse av klassisk svinepest⁽¹⁾,
særleg artikkel 16 nr. 1, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Ved kommisjonsvedtak 2007/683/EF⁽²⁾ vart dei planane
godkjende som Ungarn la fram 11. juli 2007 for utrydding
av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i dei områda
i Ungarn som er oppførte i vedlegget til det nemnde
vedtaket.
- 2) Ungarn har meldt frå til Kommisjonen om den nyaste
utviklinga av klassisk svinepest hjå viltlevande svin
i denne medlemsstaten. I lys av dei epidemiologiske
opplysningane som er tilgjengelege, bør dei tiltaka som
er fastsette i planen for utrydding av klassisk svinepest
hjá viltlevande svin, utvidast til å omfatte visse delar av
fylket Heves og fylket Borsod-Abaúj-Zemplén.
- 3) Av omsyn til klarleiken i fellesskapsregelverket bør
vedlegget til vedtak 2007/683/EF bytast ut med teksta i
vedlegget til dette vedtaket.

4) Vedtak 2007/683/EF bør difor endrast.

5) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar
med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda
og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Vedlegget til vedtak 2007/683/EF vert bytt ut med teksta i
vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til Republikken Ungarn.

Utfërda i Brussel, 13. august 2008.

For Kommisjonen

Androulla VASSILIOU

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 220 av 15.8.2008, s. 30, er
omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 1/2010 av 29. januar 2010 om
endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold),
se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 19 av 22.4.2010, s. 1.

⁽¹⁾ TEF L 316 av 1.12.2001, s. 5. Direktivet sist endra ved kommisjonsvedtak
2007/729/EF (TEU L 294 av 13.11.2007, s. 26).

⁽²⁾ TEU L 281 av 25.10.2007, s. 27. Vedtaket endra ved vedtak 2008/159/EF
(TEU L 51 av 26.2.2008, s. 21).

VEDLEGG

«VEDLEGG

Område der planen for utrydding av klassisk svinepest hjå villlevande svin skal gjennomførast:

Fylket Nógrád og det området i fylket Pest som ligg nord og aust for Donau, sør for grensa til Slovakia, vest for grensa til fylket Nógrád og nord for motorveg E 71, det området i fylket Heves som ligg aust for grensa til fylket Nógrád, sør og vest for grensa til fylket Borsod-Abaúj-Zemplén og nord for motorvegen E 71, og det området i fylket Borsod-Abaúj-Zemplén som ligg sør for grensa til Slovakia, aust for grensa til fylket Heves, nord og vest for motorveg E 71, sør for hovudveg nr. 37 (delen mellom motorveg E 71 og hovudveg nr. 26) og vest for hovudveg nr. 26.»
